



Kyrkja som er bygd av 3 svært unge litauarar

I går hadde vi problem med å finne ut kven som har bygd den flotte pepperkakekyrkja til SPAR-konkurransen som vert avslutta måndag. No er mysteriet løyst.

Påskrifta Deimante Saule Arunas tyder at det er desse 3 som har ansvaret for verket og det er imponerende med tanke på at dei er 6, 8 og halvtanna år gamle. Men så har dei også noko å slekta på, ettersom dei er neste generasjon i Lan Bygg!



Deimante er ein av dei 3 byggmeistrane

Deimante bur i Skorane på Korsnes og Saulis og Arunas bur på

Brekketoppen.

Deimante er kusina til Saule og Arunas, som er søsken. Mor til Saule og Arunas heiter Jurgita og ho er syster til Deimantes far som også heiter Arunas.

Familien kjem frå Litauen og tek no til å verta skikkeleg husvarme i Uskedalen.

Deimante, som er svært flink i norsk trass i sine 6 år, fortel at kyrkja ikkje har nokon bestemt modell i Litauen. Det var mora som stod for steikinga, opplysar ho om dette typiske familieføretaket.

Etter denne freistnad på slektsmessig oppklaring kunne det vera fristande å gå inn også på etternamna, men det vågar vi ikkje.

Her er grunnen til det: Jurita heiter Zemaitaitiene, Arunas Zemaitaitis og Saule Zemaitaityte!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen